



Styremøte

Tid og stad:

Fredag 7. februar 2014 kl. 18.00 hos Anne Bjørg

Saksliste:

1. Årsmøte
2. Rekneskap
3. Innbrotssaka
4. Medaljar til Sjutoppsturen
5. Eventuelt

Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor (ABB)
Nestleiar	Endre Vorren (EV)
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor (EVB)
Kasserar	Svein Helge Bringsvor (SHB)

Referat:

Sak 1: Årsmeldinga er stort sett ferdig, manglar litt info om rekneskapen. EVB slutfører denne når Tor Arne er ferdig med det økonomiske. EVB har også laga oppslag om årsmøtet som vert hengt opp med det same.

Sak 2: Tor Arne har sagt at rekneskapen vert ferdig i god tid før årsmøtet. Arbeidet er nært førestående.

Sak 3: ABB var endeleg i møte forliksrådet rett føre jul. Avtale vart inngått. Idrettslaget skal få utbetalt pengar for skadeverket innan 31. desember 2014. Vi vil i løpet av rimeleg tid prøve å få nokon til å reparere skadane.

Sak 4: Bestemt at vi kjøper 1000 stk. deltakarmedaljar til Sjutoppsturen. Pris om lag kr 26,- pr. stk. inkl. mva hos Nytrykk. Vert dermed ei ekstrautgift i år. Dei



ni første åra har det gått med like under 900 medaljar – forhåpentlegvis ikkje mange år før desse nye er brukt opp. Band med årstal kjem i tillegg.

Sak 5: Eventuelt

- Trimtilbudet for i år er ferdig og publisert. Litt vanskeleg å vurdere dei ulike bøkene opp mot kvarandre med tanke på poeng.
- Valnemnda er snart i mål med tillitsvalde for 2014. Nokre endringar.
- Vi har fått førespurnad frå bygdefolket om idrettslaget kan organisere symjeopplæring. Tilgjengelege timar ved Stokksund Skule. Vi skriv brev til kommunen der vi spør kva planar dei har for denne saka i år. I utgangspunktet ikkje SIL sitt ansvar å tilby dette.
- ABB kontaktar Rosenlund med tanke på kioskavtale til Sjutoppsturen. Vi er nøgde med å få 4000 kr mot at vi stiller med folk.

Møtet vart heva kl. 19.45.